

Sogn og Fjordaneringen 60 år Jubileumsfeiring 11. oktober 2014

Laurdag 11. oktober feira Sogn og Fjordaneringen i Oslo at der var 60 år sidan ringen vart stifta. Om ikkje festen vara “tre heile dagar til ende”, så var det vesentleg meir enn ein “helaften” for dei fleste av oss. Den eigentlege festen skulle ikkje ta til før kl 18.30, men før kl 12.00 var dei første gjestene på plass Klækken hotell. Festkomitéen, Marit Haug Loen og Anne-Tove Rud, tok i mot gjestene. Etterkvart som fleire kom, vart også rekka lengre av dei som ville ynskje nykomarane velkommen.

Etter mange gode handtrykk, klemmar og oppdateringar om kva som har hendt sidan sist, vart alle bedne til lunsj. Her var det mykje å velge i. Det er freistande å sitere kaptein Sortebill (av Torbjørn Egner) “Salt mat og söt mat og penger og gull”. (Penger og gull kunne vi, rett nok, ikkje forsyne oss med, men måtte i staden legge det att når vi reiste.)

Det vart mange vender til matfat og dessertbord, så dei hadde fleste hadde trong for litt mosjon etterpå. Kommitéen hadde, saman med danseleiar Dagfinn Aa, lagt opp til ei økt der festdeltakarane kunne få ein oppfrisking av gamle dansar og ein introduksjon til nokre nye, alt for å gjere det lettare å bli med på dansen under festen om kvelden. I tillegg til den dansefaglege nytten av denne økta, var det også råd å utveksle nokre ord i mellom instruksjonane.

Den eigentlege festen tok til med ei økt der vi kunne gå rundt å helse på og prate med dei som vi ikkje hadde sett på lang tid. For mange var det ti år sidan sist (50 års jubileet). For nokre var det endå lengre.

Omlag kl 19.30 kunne festleiar Anne-Tove ynskje velkomen til bords. Denne gongen var det runde bord med 8-10 personar rundt kvart.

Då vi hadde sett oss vart vi ønskt velkomen igjen, no av Anne-Lise som er leiar i jubileumsåret. Ho nytta høvet til å fortelje korleis ho opplevde sitt første møte med Ringen og Bygdelagshuset.

Kort etter kom maten på borda. Svært forenkla var menyen slik: Forrett: Sellerisuppe, Hovudrett: Kalvefilet, Dessert: Valnøttis.

Praten gjekk livleg rundt borda, men inn i mellom vart praten avbroten med songar, taler eller helsingar.

Anne-Tove hadde laga to songar og Ragnhild Slyngstad hadde oppdatert songen sin frå 50-års jubileet med eit nytt vers som oppsummerte utviklinga sidan den gongen.

Gode og mette kunne vi spasere roleg ned i dansesalen der Solvor Sundsbø, Benjamin Kehlet og Terje Amundsen spela til dans og Dagfinn Aa leia dansen. Mange ga uttrykk for at dei var svært nøgde med at dei fekk vere med på økta med repetisjon – og for nokon: introduksjon til nye dansar - tidlegare på dagen.

Dansen heldt fram ein til ein time etter midnatt. Då trekte dei fleste seg attende til roms sine for å få nokre timer sovn.

Til frukost var igjen dei fleste samla. Etter det måtte vi ta farvel med alle og takke festkomiteen for ein vel gjennomført fest!

Utanfor regna det tett, så det var ikkje så mykje sol å sjå verken ute eller inne, men både i hjarta og sinn var det sol!

Finn Stafsnæs